



Trist tale - og eit eventyr

Taler

Berge Furre

Dato

6 januar 2000

Omstendigheter

Tale i eit nyårslag Heilage tre kongars sundag

1 Godtfolk!

5

Det er eit år sidan no - at eg vart velståande for ei tid: På nokre få januardagar voks bankkontoen til det dobbelte. Vi kunne strø om oss med pengar - iallfall i nokre veker, kona og eg. Vi var i Brasil, men vi var ikkje på børsen i Sao Paulo. Vi hadde gjeve oss til eit halvt års tid i ein liten by sør i landet, Sao Leopoldo, med mange fattige, nokre velståande, få rike og ein luthersk høgskule.

10

15 Så ein januardag slo dei globale spekulantane til. Det var ikkje meir å vinna på den krisa dei hadde laga i Asia. No kasta dei seg over Brasil, og trekte ut pengar i tru på fortjeneste. Valutaen -reals - knakk saman på nokre dagar - i eit av dei store industrilanda i verda. Det var ikkje skjedd noko med produksjonen, eller med politikken eller med handelen. Men spekulantar hadde flytta pengar.

20

25 Eg hadde ikkje gjort anna enn å lesa og skriva om alt anna enn pengar. Men eg sat att med god fortjeneste saman med spekulantane i London og New York og Sao Paulo.

Nede i byen steig brødprisen - også for dei som ikkje hadde råd til dagleg brød. Der er tretti millionar av dei i Brasil. Og kelneren på fortausrestauranten - det var sommar der i januar - ville ha det dobbelte for Cola-glaset. Men det var greitt
 35 nok. Eg hadde råd, med dobbelt så mange reals som dagen før.

40 Så kom eg heim etter eit halvt år. Det Norske Samlaget sette meg til å oppdatera ei bok om norsk historie på 1900-talet som var blitt nesten ti år gamal. Boka gjekk fram til 1990, og no skulle ho førast fram til år 2000. Eg trudde det skulle gå greitt. For ti år sidan hadde eg skrive om åttitalet. Det tok ein månad, hugsar eg. Usikkert og subjektivt måtte det bli å skriva om så nære saker. Ja vel. Men
 45 den gongen var det ei nokolunde fast verd å skriva mot. No galdt det nittitalet. Det gjekk snart to månader, det gjekk tre - nesten fire månader. Assistenten fauk mellom arkiv og kontor etter stoff eg trong. Skulle eg aldri bli ferdig? Eg var blitt nokre år eldre. Var det alders kalk frå årene mine som no la seg på PC-en? Eg trur ikkje det. Anna arbeid gjekk like glatt som før. Men verda ikring var blitt så
 50 mykje annleis at ho var vanskelegare å få tak i - mykje vanskelegare. Den trugande stabiliteten og absurde tryggleiken gjennom førti år - den kalde krigens faste grense mot atomkatastrofen - var borte. Eit imperium hadde brote saman. Statar sprakk. Nasjonale konfliktrar. Massakrar. Krig var tilbake i Europa. Tempoet, takten i forandringane hadde auka enormt. Bankane braut saman her
 55 heime - i statens fang: Sikkert som banken? Oljeprisar svinga - og politisk popularitet fauk opp og ned. Geir Helljesen i TV slutta snakka om «grunnfjell» av veljarar under politiske parti. Gallupkurvene i det ein gong så stabile Gerhardsen-, Bratteli-, Gro- og Willoch-landet likna no på konturane av Jotunheimen i kveldssol.

Eg måtte laga nytt føreord og opning om 1900-talet og fann fram festtalene frå
 65 sist hundreåret vende: Dei store ord om «den nye arbeidsdagen» - om demokratiet, framsteget, sosialismen - kollektive visjonar om ei betre verd - fylte

skåltalene den gongen.

70

Og no? Det skorta ikkje på taler. Men kvar var dei store orda om framtida? Kanskje har eg blitt så van med store ord at eg ikkje høyrer dei. Men dei eg
75 høyrde, galdt det som hadde vore. Framover? Ville vår teknologiske verd overleva overgangen frå 99 til 00? Eller var det og ein bløff - til 30 milliardar til IT-bransjen?

80

Eg har ikkje sett andre visjonar no enn forventning om enda meir teknologi - meir digitalisering, meir avanserte mobiltelefonar - og at det gjeld å henga med så vi ikkje blir taparar. For det må for all del andre bli - i den globale tevlinga og
85 her heime: Det gjeld at våre bom blir vinnarar - når skilnadene i vilkår mellom folk her og ute aukar. Nokre må bli taparar - men ikkje våre born! Så vi må få meir PC i skulen! Iallfall det!

90

Det er svært få som verkeleg har våga snakka om framtida ved dette sekelskiftet. Og grunnane er ikkje så vanskelege å sjå. Eg trur vi kjenner oss meir usikre om framtida enn ved noko tidlegare tiårsskifte sidan verdskrigen. Eg kom til å kalla
95 boka mi for Industrisamfunnet - frå vokstervisse til framtidstvil.

100 Kva gjer uvissa med oss? Tilbake til Brasil: Middelklassens villaer - med to meter høge stålgjerde ikring - med rekkja av sylkvasse spyd og piggtråd på toppen og alarmsystem. Eller dei verkeleg rike - bak festningar av høge murar og væpna vakter dag og natt. Også den lutherske høgskulen lærte om Gud bak piggtråd.

105

110 Vart det varmt om natta og svevnen nølte med å koma, gav eg meg til å høyra på
to vakter som gjekk mellom vanlege middelstandshus nede i bakken. Dei hadde
varsselfløyter og sende korte fløyt til kvarandre med ujamne, men tette
mellomrom så den eine skulle vita at den andre var der framleis, og at alt var i
orden. Heile natta. Eg talde sekund mellom fløyta til eg sovna.

115

Men her nord har vi det trygt. Vi har olje, og vi ligg på verdstoppen i
mobiltelefonbruk. Vi har og tryggingsnett mot naud og vi har teknologi på
120 høgaste nivå. Og folkestyre og velferdsstat og tryggleik. Inntil ulykkene skjer -
som ikkje kan skjere - slik det har vore i vinter.

125

Kva skjer med oss? «Privatisering» av tenester er eit omstridd tema. Eg skal ikkje
ta opp det. For det skjer ei mykje viktigare privatisering: At folk dreg seg tilbake -
nettopp frå folkestyre og deltaking: Snart er det berre vel halvparten av oss som
stemmer ved val. Vi har vel våre partibøker, mange av oss framleis, - men dei
130 færraste går på politiske møte. Partisekretærene - som staten no betalar - slit med
å finna folk som vil stå på kommunevallistene. Her er nok den verkeleg farlege
privatisering: At dei som steller med samfunnsspørsmål - og er deltakarar - blir
færre, blir ei «politisk klasse», ein «elite». Om ti-femten år er
medlemskartoteka til dei politiske partia tomme, om utviklinga går som no.

135

«Globalisering» - somme omgrep opplyser. Andre fordunklar. Somme er mot
140 «globalisering». Andre er for. Dei som er mot, snakkar om kapitalrørsler. Dei
som er for, snakkar om idear som kryssar landegrenser. Så bra det er. Det må alle
forstå. Men idear har kryssa landegrenser i eit par tusen år. Difor feirar vi jul. Og
at verda var global, og at det kunne handlast over landegrenser - det har vi visst
sidan renessansen og dei store oppdagingane. Det nye er at stengslene ved

grensene for pengestraumane i stor mon har falle nesten fullstendig bort. Dei demokratiske regjeringane har gjeve opp å styra pengeflyttarane nasjonalt. Og det finst ikkje noko nytt system til å styra dei internasjonalt. Vi har skilt politikk og marknad. Kapital som før vart rekna som ein del av ein nasjons rikdom, er no
150 del av fleirnasjonale selskaps rikdom, finanskapital som flyttar mellom land og verdsdelar med tastetrykk på PC-ar i kontora til marknadens mektige. Dei største transnasjonale er større i pengemengd enn mellomstore statar. Dei spreier sine pengar over alle landegrenser og kan spela regjeringar og nasjonalbankar over ende.

155

Det var borgarskapet som skapte nasjonalstatane som ramme om økonomisk
160 aktivitet - som marknadsramme. I den forma er nasjonalstatane på veg ut.

165 Og her endrar verda seg i ekspresstempo. For ti år sidan var det meste av kapitaloverføringane til dei tretti større og meir utvikla u-land statlege. I dag overgår dei private kapitalstraumane langt dei statlege - fordi næringslivet i land som Brasil, Mexico, India, Sør-Korea osv. blir kjøpt opp av dei fleirnasjonale. Dette er også ei privatisering som er viktigare enn anbodsrundane i Oslo
170 kommune.

175 For ganske få år sidan var dei fleste pengeoverføringane mellom statane betaling for varer. I dag er dette ein forsvinnande del - nokre få prosent - mot dei globale flaumane av kapital og valuta mellom dei fleirnasjonales spekulative pengeplasseringar - og omplasseringar.

180

Verknadene av denne globaliseringa av kapitalen har verka nokså ulikt. I Kina

185 og ein del andre asiatiske land har dei fattige blitt færre. I Afrika og Latin-Amerika blir dei fleire. Korleis globaliseringa av kapitalen verkar i morgon, veit ingen. Det er den nye uvissa vi lever i.

190

Da store delar av Asia låg på kne, kom altså turen til Brasil. Og det Brasils regjering gjorde i desperasjon, det var å finna ein ny direktør for nasjonalbanken: Dei kalla på ein av direktørane til sjøve megaspekulanten
195 Soros, den største av dei alle, han som knekte det engelske pundet. Og som har skrive ei bok om sjokket da han oppdaga kva makt han hadde. Styraren av New York-kontoret hans overtok nasjonalbanken i Brasil. Han kjende ulvane - sin eigen rase. Og etter kvart gjekk det visst litt betre.

200

Kanskje er vi så små og usynlege, at når vi kryp tett saman her oppe under Nordpolen, er det ingen som finn på å spekulera mot den norske krona? Og vi
205 har oljen. Og vi har pengar på bok heime og ute - og kan vera blant spekulantane sjøve. Og da er vi vel trygge - her. Med all vår teknologi, gasskraftverk og mobiltelefonar. Så det som ikkje kan skje her, det skjer ikkje.

210

Kan vi ein gong framme i det nye hundreåret greia å styra dei fleirnasjonale og pengestraumane slik at kloten ikkje blir enda meir utpint og dei fattige enda fattigare? Kan det politiske demokratiet ta makta tilbake frå den globale
215 kapitalmarknaden? Vi må greia det. Men eg veit ikkje korleis. Og dei med politisk ansvar vågar visst ikkje spørja.

220

Dette vart ein dyster tale - så langt. Men akkurat i dag meistrar eg ikkje det muntre sundagskåseri. La meg likevel fortelja til slutt om eit par saker som har

225 kome til å oppta meg mykje dei siste månadene - og der eg anar rom for
framtidstru:

230 Vi må til Brasil att. Kona og eg sat og døste ein tidleg morgon på ein buss. Vi
skulle sitja der det meste av dagen. For i Brasil reiser ein med buss - time etter
time. Folk flest har ikkje råd til å fly. Eg hadde halde foredrag langt inne i landet
- i tobakkslandet - for ei svær forsamling studentar i ein by som heitte «Den
heilage krossen» - Santa Cruz. Eg var invitert til å tala om «Kvifor Noreg sa nei
235 til EU?» Det hadde faktisk vekt interesse. Eg døste og hadde det bra. Tenkte på
rapporten heim til «Nei til EU» - om meiningsfellane i tobakkslandet kring
«Santa Cruz». Og motorvegen var god: Eit fleirnasjonalt selskap hadde kjøpt
han billeg av staten, rusta han opp - og tente godt på høge bompengar. Det var
store plakatar langs vegen på begge sider - for Volvo, Mitsubishi, Monsanto,
240 Budweiser, Marlborough osv. Men så kvapp eg. Teologen vakna: Ein svær
plakat - like fargerik som dei andre, men med ein annan tekst: «Direitos
humanos - presente do Deus». Menneskerettane - Guds «presang», Guds gåve?
Ja, det kan nok bli ei preike når eg kjem heim, tenkte eg. Men så vart eg usikker.
«Presente» - tyder det presang? Eller kanskje det heller tyder «nærvær»:
245 «Menneskerettane - Guds nærvær». Ein frigjeringssteolog hadde tenkt - tenkte
eg. Heime slo eg opp i ordboka: «Presente» kunne tyda begge delar. Og det var
vel poenget: Guds gåve - Guds nærvær: menneskerettane.

250

Det flyktige kryssar grensene i den postmoderne verda: Ein bil varer ti år, ein
mobiltelefon fem, ein fusjon to-tre, og eit aksjekjøp er ordna på eit sekund ved
eit tastetrykk.

255

Men noko varig kryssar også grensene - idear, visjonar, truer: Kanskje
260 innvandrarane til Noreg er Guds gåver - og vi tek imot dei og minnest
menneskerettane: Buddhistar - med visdom som har vist sin slitestyrke og samla

med seg menneskeleg erfaring i to tusen fem hundre år - om fred: Ingen herfører
har drepe i Buddhas namn, så vidt eg veit. Eller hinduar - med ein religion som
265 ingen veit kor gamal er, men der dei veit at livet er heilagt - jamvel eit dyrs liv.
Eller sikhane under turbanen som vrakar kastestell og veit noko om likeverd.
Eller islam - litt yngre enn kristendomen - med ein sosialetikk om
medmenneskeleg ansvar - klårare uttrykt enn i den religion eg trur på. Eller
humanismen i vår verd med røter attover til renessanse - og vidare til Platon og
270 Aristoteles. Dette er det varige som har blitt til hjå menneska - mellom alt det
flyktige.

275 Kanskje framtidsvona midt i alt det flyktige ligg i møtet mellom det varige i våre
truer: At den ånds kraft som har levd over tusenåra, kan sameinast i same lei - i
ein global etikk til vern om det verdige på jorda: menneskelivet.

280

For nokre år sidan var religionsdialog eit fyord i Den norske kyrkja - og eit
framandord hjå andre. Slik er det ikkje lenger. Muslimar, buddhistar, kristne,
285 humanetikarar sit ved same bord fleire stader - også i vårt land - og ser etter det
som er felles. Og enda viktigare: ser etter hjå grannen om det er noko vi har
gløymt, som kan gjera vår tru rikare.

290

Vi må få til det nye religionsfaget, KRL-faget, som no haltar: At born frå tidleg
alder lærer at det er naturleg at menneske har ulik tru, og kan gje kvarandre
mykje med det, er truleg det viktigaste vilkåret for at framtida skal bli sivilisert.
295 Truleg er det faget noko av det viktigaste som har skjedd i skulen - at
religionsdialogen får ein naturleg plass i klasseromet. Så gjeld det berre å utvikla
faget vidare slik at minoritetane kjenner seg trygge på det. Det skal vera mogleg.
Det må vera mogleg.

300

305 Eg trur at religionsdialogen er viktig fordi han kan skipa betre grunnlag for
arbeidet med ein global etikk, på tvers av religionsgrenser. Mykje tankekraft blir
sett inn på det i fleire internasjonale miljø. Den katolske teologen Hans Kung
spelar ei sentral rolle. For nokre år sidan vart det halde eit «Verdsparlamentfor
religionane». Eit anna tiltak hadde kongress i Sør-Afrika like før jul. Fred
310 mellom religionar er vilkår for fred i verda, seier Kung. Og skal vi greia skapa ei
sivilisert verd inn i den uvissa vi ser, er det truleg naudsynt å samla dei erfaringar
menneslekta har samla opp i religionane og livssyna: Få dei i dialogposisjon - at
den moralske krafta kan føra i same lei.

315

Kanskje blir kultur viktigare enn pengar om kloten skal bestå. Nokre snakka
mykje om skulen i valkampen i fjor - to parti på kvar sin veng. Eg har tenkt
mykje på det: Iblant kan ein få inntrykk av at poenget er å skaffa fleire PC-ar i
320 klasseromet. Ein dag er vel klasseromet fullt. Men om kultur og verdar blir det
som skal skapa fellesskap mellom menneske når nasjonalstatane ikkje greier det
lenger, blir skulen enda viktigare - med innhald av ånd og tanke.

325

Og så eit eventyr til slutt - frå Brasil, sjølv sagt: To og eit halvt tusen menneske i
ei li utanfor millionbyen Porto Alegre. Dei budde i telt av svart jordbruksplast.
Dei hadde budd der i fleire månader. Dei fleste kom frå «favelas» - slumbyane
330 av plank og papp og blekk som kransar alle større byar i Brasil. Andre frå
brakklagde gods, frå sesongvandrande landarbeidarflokkar. Det var dei
utstøytte, dei utfattige som den moderne «globaliserte» økonomien ikkje hadde
bruk for. Dei hadde marsjert gjennom Brasil under parolen «Dei utstøyttes
rop». No gjekk dei til handling.

335

Dei finst nesten overalt, dei utstøytte, hundretals millionar i Afrika, Asia, Latin-

Amerika - etter kvart også Europa: Det nye skiljet mellom dei som er innanfor, og dei som er utanfor. Snart bur halvparten av millionbyen Sao Paulo i favelas - slumbyar utan vatn, utan straum, utan kloakk - utan adresse. Store delar av den tredje verda held på å gå under i slik urbanisering.

345

350 Dei utstøytte i Brasil brøyter seg veg for å koma innanfor. Her i leiren lærte dei solidaritet. Her lærte dei å lesa og skriva. Her lærte dei om samfunn, om jordbruk, om menneskerettar og om menneskeverd. 250 ungar gjekk på skule under svart plast. Dei vaksne hadde møte under svart plast. Dei feira messe under svart plast.

355

360 Dei venta at ein morgon ville det koma lastebilar. Dei ville bryta leiren på nokre timar og klemma seg saman på lasteplanane. Så ville dei dukka opp uventa på eit av dei vanvittig store godsa som låg brakk fordi jordbruk ikkje lønte seg for rikmannen. Der ville dei reisa telte att, ta fram hakker og spadar, byrja dyrka jorda. Etter Brasils grunnlov skal jord som ikkje er i bruk, nyttast til jordreform. Movimento dos Trabalhadores Rurais sem Terra (MST), rørsla av jordlause landarbeidarar, meiner dei set grunnlova i verk når dei okkuperer ledig jord.

365

370 Det kunne koma væpna politi og jaga dei. Det kunne koma dødsskvadronar. 1500 jordlause har mista livet sidan frigjeringssteologar sette i gang MST for 15 år sidan. Men dei har og lykkast - fått tak i jord. Eit par hundre tusen familiar har skaffa seg eit nytt tilvære - ut av fattigdom og elende. Dei dyrkar maten dei treng og sel resten gjennom eigne samvirkelag som foredlar og marknadsfører produkta i næraste by - og jamvel på verdsmarknaden.

375

380 Dei aller fattigaste, os excluidos, dei utstøytte som den nyliberale økonomiske politikken ikkje har plass for, finn saman, finn sitt menneskeverd og si von - og byrjar omskipa Brasil nedanfrå.

385

Militærdiktatura er ute i Latin-Amerika - og vel er det. Men dei demokratiske regima greier ikkje endra dei vanvittige sosiale forholda. Geriljaen er stort sett knust. Og Cuba er ikkje noko lys lenger.

390

Lyset for ei noko resignert venstreside er MST: Dei fattige som tek tak i sin
395 lagnad, byrjar endra livet sjølv - i fellesskap. Eg trur dei er på rett veg: Skal framtida bli meir sivilisert, må nokre finna vegen tilbake til jorda - nokre av dei ekskluderte.

400

Og i Brasil skjer det. Eg trur dette var det viktigaste eg hadde med tilbake frå Brasil - at dei fattige sjølv byrja omskipa landet nedanfrå til eit menneskeverdig samfunn. Kona mi, Elisabeth Karen, fekk til ei utstilling om MST på
405 Landbruksmuseet på Ås. To leiarar frå Brasil kom hit og møtte organisasjonar i landbruk, samvirke og u-hjelp. Med Kirkens Nødhjelp og Utviklingsfondet og Latin-Amerika-gruppene i brodden blir det skipa eit «konsortium» til støtte for MST her. Mange var interesserte i å knyta band over havet. Dei ante ein ljøske inn over i det tusenåret vi no møter.

410

Kilde

<div>Tidsskriftet Syn og Segn, hefte 2 - 2000</div>

415

Emner

Fremtiden, Globalisering, Kapitalisme, Kåseri, Menneskeverd, Religion, Solidaritet

URI

<https://www.virksommeord.no/tale/trist-tale-og-eit-eventyr>

420

425

430

435

440

445

450

455